



Medlemmar i elevrådet

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/383 - 14/1540

Saksbehandlar:

Silje Vikøren Palmesen

silje.vikoren.palmesen@radoy.kommune.no

Dato:

13.02.2014

## Referat 2

### ELEVRÅDSMØTE 25.SEPTEMBER 2013

#### MANGER SKULE

Desse møtte:

5.trinn: Marcus og Julie

6.trinn: Espen og Anahita

7.trinn: Marte og Marius

#### Sak 1: AKTIVITETAR ELEVRÅDET ARRANGERER

**Elevrådsmedlemmane skal til neste møte ta opp med klassen om det er interesse for tilsvarande juleball i år.** 6.klasse vil gjerne har juleball.

5.klasse kan få besøk av Espen og Anahita til å forklare korleis juleballet var i fjor, før dei stemmer om juleball eller ikkje. 7.klasse tek saka opp på neste klasserådsmøte.

#### Sak 2: FRIMINUTTA PÅ MANGER SKULE

Elevrådsmedlemmane har minna klassen sin på at alle må snakka med ein vaksen når det oppstår ein konflikt.

#### **Kva konsekvensar det skal vere for den/dei som ikkje følgjer reglar på t.d. fotballbana.**

Elevrådet er einige om at det er på fotball-bana det oppstår flest konflikhtar, og at det fortsatt er nødvendig at det er vaksne der.

6.klasse hadde mange gode og veldig strenge konsekvenser for dei/den som skapar dårleg stemning og krangel på bana, som til dømes:

1. Dei får ikkje spela resten av dagen.
2. Dei får ikkje spela resten av veka.
3. Dei må sitja inne i friminutta. Og arbeida.
4. Dei må få brev heim , og ikkje få spela fotball.
5. Dei må vera vekke i frå bana etter kor slemt det var.
6. Læraren skal skriva i ei bok om det.

7. Ein måned utvist frå bana om ein er stygg med dei små.
8. Negativ le-ing: Ingen speling før dei har lært å oppføra seg.
9. Om ein er negativ/sur lenge etter ein har fått straff, må dei sitja inne å arbeida.

**Elevrådet bestemte på møtet at regel 1 skulle takast i bruk med det same, medan resten av punkta måtte diskuterast i klassane og personalet på skulen, og takast opp att på neste møte.**

Rut nemnde og at det kanskje var viktig å repetere ordensreglane for skulen oftare i klassen.

Det kom og opp det med mobbing av andre, og elevrådet skal sjå på nokre av punkta skulen har på tiltaksplanen sin mot mobbing, så snart som råd er.

## **Side 2            Referat frå elevråd 25.sept 2013 Manger skule**

### **Sak 3 YMSE SAKER FRÅ KLASSANE**

- A) Ta vekk benkane som er festa på innsida av gjerdet til fotballbana.
- B) Alle klassane ynskjer same reglar i kanonball i gymsalen. (sjå vedlegg)
- C) 7.klassingane må bli flinkare med pasningspel på fotballbana.
- D) Det skal ikkje vera lag i stikkball, her **skal** det vere alle mot alle☺
- E) Blanda gruppedag (5.-7.trinn) t.d gymdag/arbeid
- F) Elevane vil ha ny tagging på veggen mot folkehøgskulen, og savnar eventyrskuret med figurane.
- G) Kvifor står det ein trevegg på fotballbana, han er ikkje i bruk?
- H) Når snøen kjem, ynskjer elevane ein «dynke»-plass, kor dei kan leike i snøen, men at elevane går inn i leiken på «eige ansvar»

**Desse punkta skal elevrådsmedlemmane gjennomgå i klassen før neste elevrådsmøte. Elevrådet ynskjer og ein uttale frå personalet om punkta.**

### **Sak 4 ELEVVAKTAR**

Marte har snakka med 7.klasse om forslaget om å ha elevvaktar. Det var klassen positiv til, og mange har skrevet seg på liste. Marte, Marius og Rut lagar eit oppsett med tid/dag og kva dei skal gjere når dei er elevvakter, og planlegg oppstart etter haustferien.

**TIDSPUNKT FOR DEI NESTE MØTA: Torsdag 17.okt kl 11.45 på biblioteket☺,  
Onsdag 23.okt kl 10.15 på tekstilen**

**(+vara)plakatar**

**Solidaritets-aksjonen Torsdag 24.okt kl .....**

**Ref: Rut**

**Vedlegg: Kanonballregler v Manger skule**

Med helsing

Silje Vikøren Palmesen  
sekretær Manger skule

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Kanonballreglar 2014 (til godkjenning) Manger skule

1. Den vaksne/dommaren bestemmer korleis laga skal vere. Vinnar av stein-saks-papir vel enten å starte med ballen eller velgje banehalvdal.
2. Før kvar kamp nominerer laga kvar sin konge, som begynner i endeområdet. Kongen har 3 liv og får bare komme ut av endeområdet når alle dei andre på laget har blitt truffe og er i endeområdet. Kongen har 3 liv (Han kan ikkje opparbeide seg fleire undervegs, heller ikkje gje liv til andre medspelarar) , og klarar nokre av medspelarane i endeområdet å treffe ein motstander, så går kongen tilbake til endeområdet. Når kongen er truffe 3 gonger, så er spelet slutt.
3. Før ein kan starte å skyte mot motstanderen, må ballen bli kasta fram og tilbake utan at nokon er borti. Det motsatte laget kan prøve å få ta i ballen, og blir ikkje tatt om ein mister ballen.
4. En motstander er ute når han/ho blir truffe direkte av ballen, og må då gå bak motstanderen sitt område - endeområdet. Unntaket er om ballen treffer hovudet først - sidan det er fritt. Treffer ballen kroppen og så hovudet, friir ikkje hovudet med mindre ballen poles (halde ballen i fast grep utan at ballen er borti bakken) . Om en spiller blir truffe, er det laget som mister en spelar som beholder ballen.
5. Spelarane i endeområdet kan skyte seg fri, og inn på banen ved å treffe motstandaren. Treffer kongen en motspelar fra endeområdet, er det han/ho som har vore lengst i endeområdet som får gå først innatt på bana.
6. Klarar motstandaren å pole ballen så er kastaren ute. Laget som poler ballen har ballen.

7. Går ballen via fleire spelarar før den går i bakken, så er alle spelarane ballen treffer før den går i bakken ute.
8. Om en motstandar klarar å fange ballen etter at en medspelar er truffe og ballen fortsatt er i lufta, så gjelder pol-regelen ovenfor.
9. Spelarane har lov til å strekkje seg etter ballen så lenge de ikkje rører ved/kommer inn på motstandaren sin del av banen. Brot på dette fører til at motstandaren beheldt ballen.
10. Det er ikkje lov å gå utanfor banen utenom når ein blir truffe eller skal hente ballen . Om ein spelar som forsøker å unngå å bli truffe går utanfor banen, er spilleren ute.
11. Laget som er borti ballen sist, sånn at ballen havnar utanfor banen, eller går i veggen, mister laget ballen til motstanderlaget. Kastar ein ballen over kortlinjen slik at ballen sprett tilbake på motstandaren sin banehalvdel, beheldt motstandaren ballen.
12. For å vinne må alle motstanderne + kongen være ute av spelet.

Rev.jan 2014

**Mottakere:**

Medlemmar i elevrådet

Internt Manger skule